

Fra: Politisk (Politisk@vlfk.no)

Sendt: 02.06.2020 08:08:32

Til: Bertil Søfteland

Kopi: Petter Lem Gullestad; Natalia Antonia Golis

Emne: VS: Søknad om permisjon og suppleringsval Venstre

Vedlegg:

Fra: Alfred Jens Bjørlo

Sendt: tirsdag 2. juni 2020 08:04

Til: Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>; Politisk <Politisk@vlfk.no>

Kopi: Rune Haugsdal <Rune.Haugsdal@vlfk.no>

Emne: Søknad om permisjon og suppleringsval Venstre

Til Vestland fylkeskommune v/ Fylkesordførar

Eg syner til sak 31/20 i Fylkestinget 12. mai, der Gunhild Berge Stang fekk innvilga midlertidig fritak frå alle politiske verv i Vestland fylkeskommune i samband med utnemning til Statssekretær.

Underteikna har som følgje av dette rykka opp som fast møtande medlem i Fylkesutval/Finansutval/Planutval i Gunhild Berge Stang sin permisjonsperiode.

Eg ber - på grunnlag av samla arbeidsbelastning med folkevalde verv i kommune og fylke i tillegg til gjeldande prinsipp om at medlemmer i Fylkesutvalet ikkje skal vere leiar/nestleiar i faste utval - ut frå dette om å få permisjon frå vervet som medlem og nestleiar i Hovudutval Kultur i perioden Gunhild Berge Stang har midlertidig fritak. Samtidig gjer dagens situasjon at Geir Kjell Andersland som einaste medlem av Fylkestinget ikkje har fast plass i eit utval.

Dersom permisjonen blir innvilga, vil då Geir Kjell Andersland rykke opp som fast medlem/nestleiar i Hovudutval Kultur i Gunhild Berge Stang sin permisjonsperiode.

Eg vil samtidig på vegne av Venstre be om følgjande suppleringsval av varalister som følgje av desse endringane:

Ny 3. vara til Fylkesutvalet (og andre utval som følgjer av dette): Geir Kjell Andersland

Ny 3. vara til Hovudutval Næring: Åsta Årøen

Ny 3. vara til Hovudutval Kultur: Torstein Tvinnereim

Med desse suppleringsvala blir ikkje kjønnsfordelinga på varalistene endra i noko utval.

Eg vonar søknaden kan innvilgast, og handsamast på Fylkestinget 9.-10. juni.

Med beste helsing

Alfred Bjørlo, Venstre